



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6889 - 15/5765

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

11.03.2015

Oversending av dispensasjonsvedtak til klagevurdering hjå Fylkesmannen, gbnr. 175/16, Seimstranda

OVERSENDING AV VEDTAK TIL KLAGEVURDERING VED ADMINISTRATIV HANDSAMING

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen 2011-2023, pkt. 1.1 reguleringskravet. Søknad omhandlar riving av eksisterande bygningsmasse på eigedomen samt oppføring av einebustad med carport på eigedom gbnr. 175/16 – Skår, Seimstranda. Tiltakshavar er Seim Eigedomsutvikling AS og ansvarleg søkjar er Seim Bygg AS.

Den omsøkte einebustaden er opplyst å ha eit samla bruksareal BRA på 129,4 m² og samla bebygd areal BYA = 95 m² inkludert opne overbygde areal og parkeringsareal på terreng, etter gjennomført tiltak.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bustadføremål. Tiltaket krev dispensasjon frå arealdelen av kommunedelplanen 2011-2023 frå pkt. 1.1 - reguleringskravet

Administrativ handsaming

Det vart gjeve dispensasjon frå reguleringskravet samt løyve til tiltak i vedtak datert 03.03.15, sjå vedlegg.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringskravet i pkt. 1.1 i arealdelen til kommunedelplanen for oppføring av einebustad med carport og tilhøyrande tekniske anlegg på eigedom gbnr. 175/16, Seimstranda.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a) og e) vert det gjeve løyve til tiltak for riving av eksisterande hytte og uthus samt oppføring av einebustad med carport på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 14.04.14 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.*
- 2. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i sak 14/6889/vedtak 03.03.15, og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan.*
- 3. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg via privat veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 14.02.14.*
- 4. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.*

Omsøkte terrengmurar og gjerde på eigedom gbnr. 175/16, nærare vegmidte enn 15 meter er det ikkje gjeve dispensasjon for hjå STV, dette er tiltak som og krev dispensasjon/vurdering hjå nemnde, dei aktuelle murane med gjerde vert difor ikkje handsama hjå kommunen før dette ligg føre.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Eilin Houlison Molvik på e-post eilinhoulison.molvik@lindas.kommune.no eller på telefon 56375478.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon for riving av eksisterande hytte og uthus samt oppføring av einebustad med carport Gbnr 175/16 Seimstranda

Svar på mangelbrev - gbnr 175/16 Skår

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 175/16 Skår - bustad

Søknad om dispensasjon - gbnr 175/16 Skår - bustad

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 175/16 Skår - bustad

Søknad om tillatelse til tiltak på 17516 Seimstranda 342

Tegninger til 17516

Arealplan for gbnr 175_16

Orthofoto gbnr 175_16 målestokk 1til 200

Orthofoto gbnr 175_16 målestokk 1til 1000

Utsleppsløyve for bustad - gbnr 17516 Skår - Seimstranda

Søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg - gbnr 175/16 Skår - bustad

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen